

# SØKNADSSKJEMA 2021-2022

Stette Montessoriskule



Søknadsfrist hovudopptak 1. februar

---

Elevens etternamn	Fornamn	Evt. Mellomnamn
Personnr. 11 siffer	Boligadresse	
	Postnummer	Sted
Søker for oppstart (dato):	Skuleår:	

Søker for klassetrinn:			
Går barnet i montessoriskule eller montessoribarnehage i dag?		Dersom ja, kva for ein?	
Føresette 1 - namn		Adresse (dersom anna enn elevens)	
Telefon privat	Telefon arbeid	Telefon mobil	Epost
Føresette 2 - namn		Adresse (dersom anna enn elevens)	
Telefon privat	Telefon arbeid	Telefon mobil	Epost
Søken som søker plass ved Stette Friskule (namn og klassetrinn)			
1.			
2.			
3.			
Andre opplysningar som er relevante for skulen. Dersom de søker SFO skriv det her			
Dato/stad		Dato/stad	
Føresette sin signatur:		Føresette sin signatur:	

Søknaden sendes til [Frode@stettefriskule.no](mailto:Frode@stettefriskule.no), eller leverast til rektor.  
Stette Friskule SA, Bjønnaberget 9, 6260 Skodje

# Informasjon til søkjarar

---

Stette Friskule starta opp hausten 2016, og vi åpnar no for å søke plass til skuleåret 2021/2022. Skulen er godkjent for 70 elevar, men det er bestemt at vi skal ta inn 64 elevar for neste skuleår. I tillegg er det avsatt 3 skuleplassar til born som flyttar til Stette etter at søknadsfristen er ute. Sidan skulen er ein privat skule, skal det betalast skulepengar til å supplere drifta (sjå pkt. 4).

Skulen er ein montessoriskule, og sjølv om vi følger den offentlege læreplanen (kunnskapsløftet), blir det undervist etter montessoripedagogikken sine prinsipp og metode. For mellomtrinnet (5.-7. klasse) vil det imidlertid vere nokre tilpasningar slik at overgangen til offentlig ungdomskule ikkje blir for stor. Meir informasjon om montessoripedagogikken kan du få ved å kontakte skulen eller heimesida vår. Montessoriskulen er religiøst nøytral.

## 1. SKULEFRITIDSORDNING (SFO)

SFO-tilbud vil bli utifrå etterspurnad, men per i dag har vi tilbud både på morgonen og ettermiddagen, og vi tar sikte på å fortsette med det også neste skuleår.

## 2. SKULERUTA

Skuletida og skuleruta for skuleåret blir bestemt av skulestyret/skulens leiing i høve til lovverket og blir kunngjort i god tid før skulestart på foreldremøter, brev og/eller internett. Så langt skulen finner det føremålstenleg, følgjer vi Fylkesmannen sitt forslag til skulerute.

## 3. INNTAKSREGLEMENT

Skulen skal ta inn elevar i høve til skulen sin kapasitet. Ved kapasitetsproblemer vil skulen prioritere inntak av elevar etter gjeldande inntaksreglement.

## 4. KOSTNADER:

Foreløpig budsjett stipulerer følgjande kostnader for skuleåret 2020-2021:

- Skulepenger på kroner 450,- for første barn per måned. Kroner 250,- per måned for barn nummer to, og barn nummer tre er gratis. Det skal betalast skulepengar for totalt 11 månader. Dette er tenkt å dekkje mjølk, frukt og grønnsaker og fellesmåltid.

## 5. FØRESETTE OG ANDRE:

- Dugnad - ein føresetnad for at skulepengane skal vere så lave som mogleg, er at føresette deltar aktivt i dugnadar for skulen. Dugnadane blir organisert av FAU
- Donasjonar - vi er også takksame for donasjonar av utstyr til både undervisning og leik etc.

## 6. SØKNADEN:

Denne søknaden er gjeldande ut 7. trinn. Det betyr at du heretter slepp å søke skuleplass for kvart skuleår. Elles vises det til reglement oppseiing i punkt 7.

## 7. OPPSEIING:

Eventuell oppseiing av skuleplass og/eller SFO-tilbud må skje skriftleg med 3 månaders varsel

**FRIST FOR INNLEVERING AV SØKNADSSKJEMA: 1. FEBRUAR.**  
**Innskrivingsdato er satt til torsdag 11. februar.**

SØKNADEN SENDAST TIL:

**Frode@stettefriskule.no** eller leveres til rektor ved  
Stette Montessoriskule, Bjønnaberget 9, 6260 Skodje

## **INNTAKSREGLEMENT STETTE FRISKULE SA**

Inntak av elevar til Stette Friskule SA skal skje i samsvar med inntaksreglar fastsett av styret og dei til ei kvar tid gjeldande reglar i privatskulelova.

### **Elevinntak**

Skulen skal ha heile landet som inntaksområde. Skulen skal ta inn elevar i høve til skulen sin kapasitet. Ved kapasitetsproblem vil skulen prioritere inntak av elevar etter denne rekkefølge:

- 1) Born frå bygda
- 2) Born av tilsette
- 3) Born som har søsken på skulen
- 4) Born som tidlegare har vore elev ved ein Montessoriskule
- 5) Born som skal ta til i første klasse
- 6) Dersom fleire søkjarar stiller likt skal inntaket avgjerast ved loddtrekning

Born med spesielle behov har same rett som andre til skuleplass.

Tre av skuleplassane er unntatt frå søknadsfrista, og er forbeholdt barn som flyttar til bygda etter søknadsfristen

Skulen kan innhente opplysningar om eleven det blir søkt plass for, frå barnehage, skule eller PPT dersom føresette gir skriftleg løyve til det. Skulen kan ikkje krevje at dei føresette gir eit slikt løyve. Forvaltningslova kapittel 5 og 6 gjeld ved vedtak om inntak.

### **Kunngjering om inntak av elevar**

Kunngjering om inntak av elevar blir gjort kvart år i januar månad for å sikre at informasjon om inntak for neste skuleår blir offentleggjort. Kunngjeringa skal gi naudsynnte opplysningar om søknadsfristar og ei kort utgreiing om dei kriteria som er omtala under punktet om elevinntak. Søknadsfrist skal vere 1. februar. Søkjarar som søker innan fristen skal få plass før søkjarar som har søkt etter at fristen har gått ut. Søknadar som kjem inn etter søknadsfristen blir tatt inn etter gjeldande reglement eller sett på venteliste dersom det ikkje er kapasitet.

### **Handsaming av søknader og melding om inntak**

Skulen sin daglege leiar avgjer i samsvar med reglementet kva elevar som skal takast inn ved skulen. Søknadane skal handsamast og vedtak vert fatta i samsvar med forvaltningslova kapittel 5 og 6. Skriftleg innstilling om elevinntak skal utarbeidast. Melding om inntak skal gis innan 6 veker etter at søknadsfristen har gått ut. Alle søkarar skal ha skriftleg svar på søknaden sin. Melding om inntak av elevar skal også sendast til eleven si bukommune. Det er høve til å klage på skulen sitt vedtak om inntak jmf. §3-1, sjette ledd i Privatskulelova. Avgjerd om inntak er enkeltvedtak jmf. Forvaltningslova §2. Ei klage skal sendast til skulen. Departementet er klageinstans og fylkesmannen er delegert ansvaret.

### **Prioritert venteliste**

Det skal kvart år leggst fram ei prioritert venteliste som skal nyttast ved elevinntak dersom det skulle bli ledige skuleplassar. Skulen kan ikkje ta inn fleire elevar enn skulen er godkjend for.

### **Endring av inntaksreglement**

Styret ved Stette Friskule SA kan endre dette inntaksreglementet innanfor skulen sine vedtekter og dei til ei kvar tid gjeldande reglar i privatskulelova. Inntaksreglementet kan ikkje endrast seinare enn 3 månader før skulens søknadsfrist, og heller ikkje så lenge inntaket pågår.